



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kråko
Dato: Onsdag 13. juni 2018
Tid: Kl. 18.30
Møtenr.: 5/18

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem <i>kom til sak 35/18</i>
Terje Havro	Medlem N.B. Ord for dagen
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Fridleif Lydersen	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn	Funksjon
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Varameslemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sakliste:

Saksnr.	Tittel		Sak for kommunal representant
S-33/18	Kyrkjelydsprest/barne- og ungdomsprest (Ikkje offentleg)	X	<i>utsett til etter S-35/18</i>
S-34/18	Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2017	X	
S-35/18	Referat frå sist møte	X	
S-36/18	Meldingssaker	X	
S-37/18	Open post	X	
S-38/18	Arrangement i kyrkja sin regi		
S-39/18	Gudsteneste / offerliste for hausten 2018		
S-40/18	Planlegging av inspirasjonssamling til hausten		

Sak 34/18: Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2017

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokneråd godkjenner rekneskapet for 2017 som er gjort opp med eit overskot på kr. 404.883,-.

Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av orgel/galleri og eigenkapitalinnskot i KLP, kr. 82.245,-

Til disposisjonsfond kr. 322.638,-

Restfinansiering av orgel/galleri vert dekket av fond for lydanlegg med kr. 56.456,- og fond for utsmykking med kr. 5.486,-

Behandling i Fitjar sokneråd 13. juni 2018:

Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte soknerådet om at rekneskapet er no endeleg avslutta og revisor har gått gjennom det. Rekneskapet viser eit resultat på kr. 404.883,-. Elles er det i rekneskapet ein udekket sum for finansiering av investeringar som gjeld orgelprosjektet og eigenkapitalinnskot i KLP på kr. 144.187,-. Det er opp til soknerådet korleis dei vil disponera resultatet og dekket investeringane. Aktuelle måtar å disponera resultatet på kan vera å overføra det til øyremerkte fond, investeringar eller disposisjonsfond.

Vedtak (samrøystes):

Fitjar sokneråd godkjenner rekneskapet for 2017 som er gjort opp med eit overskot på kr. 404.883,-.

Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av orgel/galleri og eigenkapitalinnskot i KLP, kr. 82.245,-

Til disposisjonsfond kr. 322.638,-

Restfinansiering av orgel/galleri vert dekket av fond for lydanlegg med kr. 56.456,- og fond for utsmykking med kr. 5.486,-

Revisjonsmeldinga vert lagt fram i fyrste møte til hausten.



Sak 35/18: Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 24. mai 2018.

Behandling i Fitjar sokneråd 13. juni 2018:

Referatet frå møte den 24. mai 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelege referatet hadde me ikkje fått lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje før innkallinga vart sendt ut.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 33/18: Kyrkjelydsprest/barne og ungdomsprest (Ikkje offentleg iflg. off.lova § 25)

Framlegg til vedtak:

Tilrådinga vert lagt fram i møte.

Behandling i Fitjar sokneråd 13. juni 2018:

Soknerådet blei orientert om intervjuet med Nobukazu Imazu som søker om 70 – 80 % stilling. Han var på intervju på Fitjar den 1. juni. Soknerådsleiaren, soknepresten og kyrkjevevja var med på intervjuet. To forslag til vedtak blei lagt fram i møtet. Soknerådet drøfta grundig dei to vedtaka i samanheng med utlysningstekst og behov i kyrkjelyden.

Vedtak (samrøystes):

1. Fitjar sokn skal snarast rå lya etter trusopplærar i 80% stilling. Det er ein føresetnad at løyvinga frå kommunen, som skal dekkja løn til kyrkjetenar og klokkar, kan overførast til trusopplæring og ungdomsarbeid.
2. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing. Sjølve tilsetjinga skal gjerast av soknerådet.
3. Dersom ein får på plass ein dugande trusopplærar, vil soknerådet vurdere avvikling av stillinga som kyrkjelydsprest i Fitjar samt retningsliner for fondet som er oppretta til inntekt for kyrkjelydsprest.

Sak 36/18: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i Fitjar sokneråd 13. juni 2018:

I møtet blei det orientert om desse sakene:

1. Vedlikehald av taket på kyrkja
Etter tilsynsrapporten av kyrkjebygget må en lekkasje i taket vølast. Harald Engevik vil ordna det, og dei set opp stillas så tidleg at den kan nyttast ved maling av ytterveggen.
2. Opningstider på kyrkjekontoret
Det er ordna slik at det står det same i både kyrkjebladet og på heimesida for kyrkja. Ein prøver å halda ope kyrkjekontoret onsdag og fredag mellom kl. 10-15. Elles kan ein ringja eit av tlf.nr. som det er opplyst om.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

3. Ferieavvikling i kyrkja
Fridleif, Harald og Jan fordeler ferien slik at ein av dei er tilstades. Elles får ein vikarar inn for både prest og på kyrkjegarden.
4. Prostidag i Sveio 25. oktober
Tilsette har kurs heile dagen, medan sokneråda inviterast til kl. 17. Dette er ein torsdag i veke 43. OBS. ein må ha forslag til personar som bør få frivillighetsprisen innan 30.11.2018.
5. Arbeidsgruppe for kyrkjestova
Anne Britt Tornes er leiar for arbeidsgruppa for kyrkjestova. Sigrid Fangel ynskjer å gå ut av gruppa. Mette E. Lambach erstattar henne. No skal gruppa planleggja før sjølve arbeidet skal utførast.
6. Møteplan for hausten
Det vert eventuelt eit soknerådsmøte dersom nødvendig før inspirasjonssamlinga i september.
7. Arbeidet med årsplan for kyrkjelyden vert utsett til hausten

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 37/18: Open post

Fridlef minner soknerådet om at dei må vurdere kva som skal skje med Ten-treff når Sindre drar på bibelskule til hausten. Sindre håpar at ungdommane sjølv klarar å driva vidare.

Fridleif orienterte soknerådet om at ein treng ny kyrkjetenar og kyrkjevært. Soknerådet kom med forslag på ein person som ein kan spørja om å verta kyrkjevært. Olaug Gloppen har starta i klokkartenesta i staden for Sigrid Fangel, men Sigrid vil fortsetja som vikar for henne.

Det vart gjort merksam på at ein lastebil leverte gravsteinar til kyrkja på ein søndag. Det må bli gjeve informasjon til dei som leverer gravstein at det ikkje er ynskjeleg med søndagsarbeid i Fitjar kyrkje.

Sak 38/18: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

Behandling i Fitjar sokneråd 13. juni 2018:

Arrangement som er gjennomført:

- Trusoplæring med tema BÅTEN varti vellukka med 28 born og foreldre. 8 vaksne hadde ansvar for gjennomføring av opplegget. Astrid Prestbø planla og leia arbeidet på ein framifrå måte.
- «På sporet av Jesus» som er for kommande konfirmantar, vart det få påmelde. Fridleif ber om at planen om trusoplæring vert vurdert til hausten om kva ein bør satsa på og eventuelt sløyfa eller finna eit nytt tilbod.

Arrangement som skal gjennomførast:

- Det vert friluftsgudsteneste i Kråko ved Port Steingard 15. juli 2018.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet tek meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.



Sak 39/18: Gudsteneste- og offerliste for hausten 2018

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til gudsteneste- og offerliste for hausten 2018 slik den ligg føre.

Behandling i Fitjar sokneråd 13. juni 2018:

Sokneprest Fridleif Lydersen har i samråd med gudstenesteutvalet laga framlegg til gudsteneste- og offerliste for hausten 2018. Han informerte i soknerådet og svarte på spørsmål om gudsteneste- og offerlista for hausten 2018.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 40/18: Planlegging av inspirasjonssamling i september

Framlegg til vedtak:

Soknerådet oppnemner desse til å vera med i komite` for å planleggja inspirasjonssamlinga til hausten:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Behandling i Fitjar sokneråd 13. juni 2018:

Det bør etablerast ein komite` som kan planleggja inspirasjonssamlinga som sokneråd og stab skal ha til hausten.

Vedtak (samrøyste):

Soknerådet oppnemner desse til å vera med i komite` for å planleggja inspirasjonssamlinga til hausten:

1. Fridleif Lydersen
2. Helga Olsen Aadland
3. Gunnvald Aarbø
4. Rasmus Fitjar

Signering:

Sekretær

Leiar



DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn